



## Møteinkalling

---

**Utval:** **Stølsheimen verneområdestyre**

**Møtestad:** Digitalt møte

**Dato:** 14.06.2022

**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Møtet vert gjennomført digitalt på Teams.



## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 22/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 23/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 24/22	Orienteringar og referatsaker		
RS 5/22	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - helikoptertransport for utsetting av basestasjonar for bjøllesystem		2022/4778
ST 25/22	Stølsheimen landskapsvernområde - Finnen - gjenoppbygging av naust - gnr. 68 bnr. 2		2022/6147

**ST 22/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 23/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**  
**ST 24/22 Orienteringar og referatsaker**



Nordhordland beitelag

Saksbehandlar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2022/4778-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 19.05.2022

### Delegert vedtak

**Delegasjonssak**

**5/2022**

## **Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernombord - helikoptertransport for utsetting av basestasjonar for bjøllesystem**

### **Delegert vedtak**

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre  
05.10.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyre gjev Nordhordland, Søre Steinsland og Vik beitelag løyve til å lande med helikopter på fem lokalitetar i Stølsheimen landskapsvernombord i samband med montering av basestasjonar for radiobjøller. Lokalitetane er Orren (mot Finnebotn), Kvanngrodfjellet, Bjørndalseggane, Raudberg og sør for fremste Kvandalsvatnet.

Løyvet gjeld perioden frå og med 23. juni til og med 26. juni 2022 og er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombord kapittel VI punkt 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Dette løyvet skal vere med under flyginga.
- Flyginga skal gjennomførast på 1 – 2 dagar.
- Det skal om mogleg ikkje flygast på søndag av omsyn til friluftslivet.
- Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf 97097720) skal varslast før flyginga tek til. Han vil kunne gje informasjon om det er observert villrein i området der flyginga skal føregå. Om det er villrein i området, må transportruta leggjast slik at villreinen ikkje vert uroa.
- Det skal sendast rapport til verneområdeforvaltar når flyginga er gjennomført, og innan 01.08.2022. Om villrein vert observert under transporten, skal dette informerast om i rapporten.

### **Dokumenter i saken**

- Søknad om motorferdsel i Stølsheimen landskapsvernombord, Nordhordland beitelag, 10.05.2022
- Saksprotokoll 15/22, 27.04.2022 - Stølsheimen landskapsvernombord – dispensasjon – utsetting av basestasjonar for bjøllesystem



## Søknaden

Nordhordaland og Søre Steinsland beitelag har tidlegare i vår fått løyve til å sette opp fem basestasjonar i Stølsheimen landskapsvernområde, såm skal nyttast til eit elektronisk bjøllesystem for beitedyr. I samband med monteringa av basestasjonane er beitelaget avhengige av å få frakta sjølve stasjonane og litt annan materiell og utstyr ut til dei fem lokalitetane.

Beitelaget søker om å få lande ein gong på kvar lokalitetane Orren (mot Finnebotn), Kvanngrodfjellet, Bjørndalseggane, Raudberg og sør for fremste Kvanndalsvatnet. Desse stadane er merka av på kart i den elektroniske søknaden. Flyginga er planlagt i perioden 24.-26.juni 2022.

## Søknaden er vurdert i samsvar med

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

## Verneforskrift og verneformål

«Føremålet med Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert vestlands fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø såm er lite påverka av tekniske inngrep» jf. verneforskrifta pkt. III. Området skal kunne nyttast til landbruk, og det skal kunne utøvast enkelt friluftsliv, jakt og fiske. Vidare seier reglane i forskriften at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jf. pkt. IV nr. 4. Verneområdestyret kan gje løyve til «naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre» jf. pkt. VI nr. 6.

Søkjar er sjølv ansvarleg for naudsynte løyve frå andre instansar som kommunar og grunneigarar.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Når forvalningsstyresmakta først gjev løyve til å sette opp slike basestasjonar, så er det naturleg at det og følgjer med eit visst behov for transport og motorferdsle. Behovet for sjølve basestasjonane er grundig vurdert i saka og løyvet, så det treng vi ikkje gå gjennom på nytt.

Til denne typen transport i eit fjellområde utan vegar eller anna infrastruktur, så er helikopter den mest effektive og i praksis einaste realistiske metoden. Ein kunne kanskje brukt snøskuter tidlegare i vinter/vår, men det hadde tatt vesentleg lenger tid og det er ikkje sikkert ein hadde kome fram til alle lokalitetane i det heile. Med helikopter kjem ein fram og den støyen og uroen som motorferdsla skapar er kortvarig. Det er også heilt sporlaus ferdsel. Helikopter er vurdert som ein god miljømessig metode til dette føremålet jf. nml. § 12.



Når ein vurderer helikoptersaker er det nokre ting ein bør ta omsyn til. Eit av dei er fuglelivet og særleg rovfugl i hekketida kan vere sårbar for uro. Ein annan ting er villrein, sidan lokalitetane det skal landast på er inne i leveområdet for villreinen i Fjellheimen villreinområde. Her er det søkt om landingar i slutten av juni. Då er både hekketid og kalvingstid over, og vi er komne til ei tid på året der både fugl og rein tåler uro og støy betre enn tidlegare på våren. Så lenge motorferdsla vert kortvarig og ein held avstand til villrein som måtte opphalde seg i området, så bør dette gå bra. Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell er hørt i saka, og dei har ingen merknader til transporten. Dei påpeikar at arbeidet bør stoppast om det vert oververnt rein i nærområdet, og at dei må ha kontak med SNO i samband med transporten.

Fylkesatlas syner ingen andre sårbare førekomstar ved lokalitetane som kan verte påverka av landingane. Alt i alt er kunnskapen om området vurdert som god for å vurdera saka jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i denne saka.

Ein bør og alltid ta omsyn til friluftsliv når ein skal vurdere motorferdsel i verna natur. I område med vernestatus bør ein i stort mogeleg grad få oppleve ro og stillheit. Samstundes er det jo opna for ein viss aktivitet, slik at her må man gjere nokre kompromiss. Eit vanleg vilkår er derfor å ikkje opne for motorferdsel på søndagar og heilagdagar. Her er det søkt om flyging fredag til lørdag, så då vert det ei vurdering om ein berre skal gje løyve fredag og laurdag, eventuelt forskyve perioden fram ein dag.

Jf. nml. § 10 skal vi alltid vurdere den samla belastninga av tiltaket i seg sjølv, og i tillegg framtidig belastning av liknande saker som kan kome av ein eventuell presedens. Belastninga av desse fem landingane er i seg sjølv særstilt, men dette med presedens er noko ein i seg sjølv må vurdere og ta på alvor. Gjev ein løyve til ein aktivitet eller eit tiltak må andre kunne rekne med å få løyve til tilsvarende tiltak eller aktivitet seinare. Her er det motorferdsel som følgje av eit tiltak det er gitt løyve til (oppsetting av basestasjonane). Då har forvaltninga allereie konkludert med at presedensverknaden av basestasjonane er akseptabel, og vi kan her støtte oss på den vurderinga.

Naturmangfaldlova § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

## Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre såm har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, såm kan gje nærmere opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Anbjørg Nornes  
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Høyanger kommune  
Modalen kommune  
Vik kommune  
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og  
Raudafjell  
SNO  
Statsforvaltaren i Vestland

Postboks 159 6991 HØYANGER  
Postboks 44 5729 MODALEN  
Postboks 134 6891 VIK I SOGN  
  
Njøsavegen 6863 LEIKANGER  
2



**Stølsheimen  
verneområdestyre**

## KØYREBOK FOR..... 20...

Alle som har løyve etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde for bruk av motorkjøretøy skal føre kjørebok der dato, traséen/transportformålet og underskrifta er påført.

Kjøreboka skal fyllast ut for kvar dag med transport for at kjøringa blir rekna for å vere i samsvar med løyvet.

Tal landingar pr. dag	Trasé/transportformål	Dato	Underskrift	Kontroll utført
1				
2				
3				
4				
5				
6				
7				
8				

**Sett kryss dersom løyvet ikkje er nytta**

Namn:..... Tlf.:.....

Adresse:.....

Stad:..... Dato:.....

Etter endt sesong skal skjemaet underskrivast og returnerast til:  
Stølsheimen verneområdestyre, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
eller på e-post til [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)



Arkivsaksnr: 2022/6147-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 21.05.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	25/22	14.06.2022

## Stølsheimen landskapsvernombord - Finnen - gjenoppbygging av naust - gnr. 68 bnr. 2

### Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Lars Finden løyve til å bygge opp att naustet i Finnen, gnr. 68 bnr. 2 i Vik kommune. Løyve er gjev med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombord punkt VI nr. 2.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Naustet skal byggjast opp att på murane der det gamle naustet stod.
- Naustet skal ha om lag same ytre mål som det gamle naustet, og det skal ha same utforming, i tråd med byggetekning datert 01.04.2022. Grunnmuren skal byggjast som tørrmur med naturstein.
- Bygget skal setjast opp som eit grindbygg. Grindbygget skal tilpassast terrenget. For å få tilpassa bygget til terrenget, kan det gjerast små justeringar av fundamenteringa i forhold til teikningane i søknaden.
- Takvinkel skal vera lik det gamle bygget. Grunnflata skal vera 10,9 meter i lengde og 6,2 meter i breidde. Høgda på grindene i nordenden av bygget skal vera ca. 2,75 meter, og høgda på grindene i sørrenden av bygget skal vera ca. 2,2 meter.
- Bygget skal ha ståande høvla kledning, tilsvarande kledningen som var i det gamle bygget. Kledninga skal gå ned på grunnmuren.
- Bygningsdelar som er tatt vare på frå det gamle naustet og som kan brukast opp att, skal gjenbruks i nytt naust.
- Det skal leggjast torvtak på naustet. Torv skal hentast lokalt. Stad for torvuttak skal avklarast med verneområdeforvaltar
- Dersom det vert endringar på planlagt arbeid, skal verneområdestyret vurdera om eventuelle endringar krev ny godkjenning.
- Rapport med bilde av naustet skal sendast til sekretariatet når arbeidet er slutført.

Dersom arbeidet ikkje har starta opp innan 3 år frå vedtaksdato, må det søkjast om nyt løyve til tiltaket.



## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om løyve til oppattbygging av naust i Finden gnr. 68 bnr. 2. *Multibygg consult AS*, datert 26.04.2022

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009


Lars Finden er grunneigar i Finden (gnr. 68, bnr. 2) i Stølsheimen landskapsvernområde. Det gamle naustet på garden vart tatt av kraftig vindkast vinteren 2022, og vart flytta av grunnmuren. Skaden vart meldt som naturskade, og i fylge takstmann var resultatet av skadane på naustet så store at naustet vart kondemnert. Multibygg consult AS har teikna nytt bygg og sendet søknad om oppattbygging av naustet på vegne av Lars Finden.

Etter dialog mellom søker, verneområdeforvaltar og kulturavdeling hjå fylkeskommunen, vart konklusjonen at det er ønskeleg å få gjenreist eit bygg som er nærmast likt det orginale bygget, men med nokre praktiske løysingar. Det var ikkje teikningar av det gamle bygget. Bygget er difor teikna på bakgrunn av rapport og bilde frå takstmann, og bilde frå Lars Finden som viser korleis bygget såg ut før skaden.

Bygget var eit grindbygg, og skal setjast opp att som eit grindbygg. I søknaden er arbeidet skildra på denne måten:

*«Takstmann har målt grindene på bygget til å vere 2 meter i sør-enden og 2,75 meter i nord-enden av naustet. I tillegg kjem fundamentsteinane som grindene står på – desse er ikkje målt, og varierer nok ein del i høgder slik det vanlegvis var. Vi har auka høgda på grinda i sør til 2,2 meter. Ein kan då få løfta golvet i nord-enden av naustet 20 cm og vere litt sikrare for flo-målet enn i dag. Samtidig vil ein få eit noko flatare golv innvendig og bruken av naustet vil bli meir funksjonelt. Om det er ønskeleg så meiner vi og det vil vere mulig å få flatt golv i bakkant av naustet ved å tilpasse fundamentsteinane/tørrmurane for grindane. Om ein ikkje ønskjer at tørrmurar skal vere synlege utvendig så kan dette skjulast ved at kleddninga går ned på murane, alternativt at jorda vert arrondert inn til murane. Murane vil på den måten berre vere synlege frå innsida, noko som var ein vanleg framgangsmåte for å tilpasse grindebygga til terrenget.*


*Med utgangspunkt i at det ikkje er utført profilering av terrenget og tomta vil det vere nødvendig med små justeringar/ tilpassingar av fundamenteringa i forhold til dei vedlagde teikningane. Vi meiner likevel at teikningane gir eit godt grunnlag for å vurdere prosessen vidare, og ber med det om at bygget vert godkjent slik det er teikna».*




Vest



Nord




Øst



Sør

Rev	Dato	Sign	Revisjonen gjelder
<b>TILTAK</b>			
Titelholder	Lars Finnen		
Eggemotter	Finnestad		
Adresse			
Kommune	Gnr/Bnr:		
Miljøbyggt			
Prosjekt	Prosjektnr:		
Næust	Prosjektnr:	2214	org.nr.: 921 331 502 MVA
<b>TEGNING</b>			
Titel	Fasadar		
Teget av	Ån		Dato 01.04.22
Kontrollert av	Målestokk		
Oppgitt av	Oppgitt		
Oppgitt nr.	Oppgitt nr. 2214		
Rådgivende ingenier/arkitekt			
Hjellegate 4, 6900 FLORØ			
992 44 891, multibygg@eninvest.net			
org.nr.: 921 331 502 MVA			

## Fasade på bygget, kopi fra søknad



**Snitt og plan for bygget, kopi fra søknad**

Rev	Dato	Sign	Revisjonen gjelder
<b>TILTAK</b>			
Navn	Lars Finnen		
Beskrivelse	Bryggeslaa		
Prikket s			
Kommune	Gjemnes		
Vil i Sogn	VIL		
Prosjekt	Prosjekt nr.	68/1	
Nr/utt	Uttid	2214	
<b>TEGNING</b>			
Tittel	Snitt og plan		
Teget av	Årn	Dato	
		04.22	
Kontrollert av		Målestokk	
		1:100	
Dokumentat		Forskr.	
		12.14-2-100-1	



**Bildet viser det gamle naustet i Finden. Foto Anbjørg Nornes**



## Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter jf. punkt IV nr.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «....Oppføring av gjetarhytter, buer og naust, og andre bygg i samband med landbruksdrift, tilpassa tradisjonelt bygningsmiljø på staden» jf. verneforskrifta punkt VI nr. 2.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Naustet på Finden gard var ein del av kulturmiljøet i Finnen, og var ein viktig del av kulturlandskapet i Finnafjorden. I verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombord er kulturminne og kulturlandskap ein del av verneføremålet. Det er gitt opning for at det kan gjevast løyve til bygging av naust tilpassa tradisjonelt bygningsmiljø på staden. Rådgjevar for restaurering av kulturminne hjå fylkeskommunen i Vestland påpeika at det er få naust att i Vestland av denne storleik og bygningstype, og at det difor er av stor verdi at bygget vert sett opp att etter same byggemetode som det gamle naustet. Etter dialog mellom verneområdeforvaltar, Lars Finden og rådgjevar hjå multibyg AS, er det lagt fram søknad med teikningar av naustet som er nær opp til det gamle naustet.

Kunnskapen om natur- og kulturlandskapet i Finnen er henta frå verneplanarbeidet og forvaltningsplanen for Stølsheimen. Det er ikkje kjente førekommstar av trua naturtypar eller artar (Naturbase 20.05.2022) i nærområdet til Finnen. Søkjær har gjeve god informasjon om tilstanden på naustet gjennom skriftleg søknad og bildedokumentasjon. Bygget var ikkje registrert i SEFRAK-registeret (registrering av faste kulturminne i Norge). Eigar har informert om at bygget vart sett opp på tidleg 1900-talet, og er endra på ved fleire høve. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Finnafjorden er einaste område i Stølsheimen landskapsvernombord der heile gardsbruka er innanfor vernegrensa. Bygningsmiljøa er ein viktig del av kulturlandskapet. På den andre sida av straumen i Finnafjorden er naustet restaurert for nokre år sidan. Det vil vera av stor verdi for landskapsopplevinga i Finnafjorden om også naustet på garden til Lars Finden vert sett opp att etter tradisjonell byggeskikk på garden. Bygningane i landskapet er med å formidla historia om bruken av landskapet. Etter området vart verna som del av Stølsheimen landskapsvernombord (2005), er det gitt løyve til å endra på fleire av dei andre bygningane i same området. Endringane er utført med grunngjeving i tilpassing til landbruksdrifta. Naustet er viktig for drifta på garden, og er difor viktig å få bygd opp att. Naustet til Finden viser godt att i landskapet, og det vil vera av stor verdi for verneområdet og landskapsopplevinga i Finnafjorden at naustet vert bygd opp att tilsvarande som det gamle naustet. Tiltaket er vurdert som positivt for landskapet, og vil lite truleg føra til auka belastning på natur og økosystem jf. nml. § 10.



---

Fylkeskommunen påpeikar at tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur, idrett og inkludering, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jf. § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne. Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen eller i groper, steinsettingar eller samling av Stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller Stein.

Bygget er planlagt sett opp som grindbygg, og skal tilpassast terrenget. Byggemetoden med tilpassing til terrenget er likt som det gamle naustet, og viser den tradisjonelle byggemetoden i dette området. Det er planlagt å heva bygget noko for å kunne få eit flatare golv inne i bygget. Dette vil også minske ulempene med stormflo inn i naustet. I følgje Finden har det siste åra vore fleire tilfelle med stormflo enn tidlegare år. Heving av bygget vil vera ein god tilpassing til dagens bruk av naustet, og det vil i liten grad påverka landskapets karakter.

Det vert søkt om å få legge torvtak på det nye naustet. Torvtaket vil gje bygget større tyngde, og vil med det gjera bygget sikrare mot nye stormkast. Byggemetoden som er valt er godt tilpassa tradisjonell byggeskikk på staden jf. nml. § 12, og vil samla sett vera positivt for landskapsopplevinga i denne delen av landskapsvernombrådet.

Nml. § 11 er vurdert som lite relevant i denne saka, då tiltaket lite truleg vil føra til miljøforringingar.

### Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til gjenoppbygging av naustet på gnr. 68 bnr. 2.